## *Fyresdal kommune*

# Møteprotokoll

**Utval:** **Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**
**Møtestad:** Hamaren, Fyresdal næringshage
**Dato:** 18.04.2017
**Tid:** 13:00 – 14.00

**Fylgjande medlemmer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Karin Bergland | Leiar | |
| Aud K Syvertsen Lukassen | Nestleder | |
| Torleiv O. Veum | Medlem | |
| Berit Gulbrandsen | Medlem | |
| Torleiv Hvistendahl | Medlem | AP |
| Anne Mette Hjort-Jensen Momrak | Medlem | |
| Olav Torgeir Metveit | Medlem | |

**Fylgjande medlemmer møtte ikkje:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|

**Fylgjande varamedlemmer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|

**Fylgjande frå administrasjonen møtte**:

| Namn | Stilling |
|---|---|

Saker til handsaming:(sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
PS 3/17 – 5/17

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

__________________
Karin Bergland
utvalsleiar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

**Saksliste**

| Utvals-saksnr | Innhald |
|---|---|
| PS 3/17 | Referatsaker |
| PS 4/17 | Hjelpemiddelformidling i framtida - høyring |
| PS 5/17 | Årsmelding 2016 - råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne |

Fyresdal 7. april 2017

Karin M. Bergland
utvalsleiar

Fellestenesta
utvalssekretær

# PS 3/17 Referatsaker

### Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 18.04.2017

Rådet har tidlegare bedt om orientering frå demensomsorga, velferdsteknologi og fysioterapi. Desse blir bedt om på møte 6.juni på POS.

Frivilligsentralen blir bedt på møte til hausten.
Sjekke ut avtala mellom Telemark Lys og Fyresdal kommune.

Rådet skal vere brukarutval. Korleis kan dei vere dette? Endre vedtekter ?
Lage sak til neste møte.

Oversikt over brukte midlar 2017 er kr 0,-.

Rådet ynskjer at det blir laga ei retningsline på tildeling av omsorgsbustader, inkl. Århusjordet.

Om det skjer noko vidare arbeid med i samband med idrettshallen må rådet bli med.

## RS 7/17 Orienteringar og meldingar

## RS 8/17 Årsmelding frå Pasient- og brukerombudet i Telemark

## RS 9/17 Til alle som arbeider med folkehelsespørsmål i kommuner og fylker

## RS 10/17 Signert avtale om etablering av Øyeblikkeleg Hjelp Døgnplass i kommunen

Rådet ynskjer å bli orientert om ØHD i eit anna møte.

## RS 11/17 Brev til landets ordførere om BPA

Rådet ynskjer å bli orientert om BPA i eit anna møte.

## RS 12/17 Nasjonale mål og prioriteringar på helse- og sosialområdet for 2017

## RS 13/17 Svar på undersøking av folkehelsestatus

Folkehelseplanen skal etter rådmannens utsagn ha ein gjennomgang i 2017.

Får alle over 75 år tilbod om besøk i heimen frå pleie- og omsorg?
Korleis fungerar dette?

## PS 4/17 Hjelpemiddelformidling i framtida - høyring

### Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune vurderer det som mest tenleg at retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemiddel. Dette sikrar funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemiddel på alle livsområde.
Staten bør forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å styrke kommunane sitt ergoterapeut tilbod, som t.d. gjennom ei fastlønnstilskot, rehabilitering og vidareutvikle velferdsteknologiske løysingar.
Fyresdal kommune støttar ikkje forslag til endringar som legg til grunn at kommunane får ansvar for hjelpemiddel som nå ligg til Hjelpemiddelsentralane sitt ansvarsområde.

### Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 18.04.2017

Tilleggsframlegg frå Olav Torgeir Metveit.
Det må vere sikra tilgang på rett og fagleg kompetanse for å kunne skaffe dei hjelpemiddel som den enkelte brukar er best tent med.
Er ikkje denne kompetansen tilgjengeleg lokalt, må relevant fagperson frå hjelpemiddelsentralen vurdere dette ved heimebesøk.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen og tilleggsframlegg frå Olav Torgeir Metveit

### Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 18.04.2017

Det må vere sikra tilgang på rett og fagleg kompetanse for å kunne skaffe dei hjelpemiddel som den enkelte brukar er best tent med.
Er ikkje denne kompetansen tilgjengeleg lokalt, må relevant fagperson frå hjelpemiddelsentralen vurdere dette ved heimebesøk.

Fyresdal kommune vurderer det som mest tenleg at retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån av hjelpemiddel. Dette sikrar funksjonshemma tilgang til nødvendige hjelpemiddel på alle livsområde.
Staten bør forbetre hjelpemiddelformidlinga ved å styrke kommunane sitt ergoterapeut tilbod, som t.d. gjennom ei fastlønnstilskot, rehabilitering og vidareutvikle velferdsteknologiske løysingar.
Fyresdal kommune støttar ikkje forslag til endringar som legg til grunn at kommunane får ansvar for hjelpemiddel som nå ligg til Hjelpemiddelsentralane sitt ansvarsområde.

## PS 5/17 Årsmelding 2016 - råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

### Innstilling frå rådmannen:

Årsmelding 2016 for Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fyresdal blir teken til vitande.

**Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 18.04.2017**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

**Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 18.04.2017**

Årsmelding 2016 for Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fyresdal blir teken til vitande.